

Pressemelding

Stavanger, 15. november 2006

## **Overlege på plass ved nevrokirurgisk på SUS**

**Frå i morgen vil ein erfaren nevrokirurg frå Haukeland Universitetssjukehus (HUS) vere på plass som overlege ved nevrokirurgisk avdeling ved Stavanger Universitetssjukehus (SUS).**

Nestleiar ved den nevrokirurgiske avdelinga ved Haukeland Universitetssjukehus (HUS), Morten Lund-Johansen (47), har sagt ja til å jobbe som overlege i Stavanger dei månadane det kan ta å få ei permanent løysing på plass.

Morten Lund-Johansen har også sagt seg villig til å gå inn i stillinga som avdelingsoverlege når Roald Baardsen har avslutta si oppseilingstid og sluttar i jobben.

Det er Helse Stavanger som tilset i stillingane ved nevrokirurgisk avdeling i Stavanger.

- Eg skal gjere det eg kan for å sikre innbyggjarane i Sør-Rogaland eit fagleg godt og trygt nevrokirurgisk tilbod, seier Morten Lund-Johansen.

Han ber no om arbeidsro for seg sjølv og for nevrokirurgisk avdeling ved SUS.

### **Jobbar intenst med løysingar**

Lund-Johansen skal inn i ein turnus der han jobbar fire dagar + to vakter ei veke, og tre dagar + ei vakt den andre veka. Han skal ikkje jobbe helgevakter.

- Dette er ei god løysing som gir rom og ro til å arbeide mot ei permanent løysing. No er det berre nokre helgevakter vi ikkje har dekt inn, men vi jobbar intenst med å få det også på plass parallelt med den langsigte løysinga, seier Haldor Slettebø, klinikkleiar på nevroklinikken ved HUS.

Han legg til at to av dei svenske nevrokirurgane som dekkjer 1/3 stilling vil arbeide til litt ut i februar samt at nevrokirurgen som har 2/3 stilling vil arbeide fram til 31. mars i 2007.

I morgen reiser Slettebø og Lund-Johansen til Stavanger for å ha møte med fagmiljøet der.

**Løsing for pasientar med baklofen-pumper**

Måndag kjem ein nevrolog til Stavanger for å fylle på baklofen-pumpene til fem pasientar. Nevrologen vil då også lære opp personell ved SUS til å gjere dette, slik at det og er andre avdelingar enn nevrokirurgisk som kan gjere dette. Pasientane skal vere sikra eit godt tilbod lokalt også i framtida.

**Kontaktpersonar:**

Herlof Nilssen, administrerande direktør i Helse Vest, mob. 909 111 30

Haldor Slettebø, klinikkleiar, nevroklinikken ved HUS, mob. 928 19 949

Bjørg Sandal, kommunikasjonsdirektør i Helse Vest, mob. 415 33 807